



NVE Region Sør
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Att:

Dykkar ref..
20224776-2

Vår ref.
24/988-18/24/12903

Arkivkode:
K2-S10

Dato:
02.09.2024

KONSESJONSSØKNAD FRÅ BØEN KRAFT AS OM BYGGING AV BØEN III KRAFTVERK OG REGULERING AV KALDAVATNET - HØYRINGSUTTALE FRÅ HJELMELAND KOMMUNE

Me viser til dykkar brev datert 22.05.2024 og e-post av 13.06.2024.

Formannskapet i Hjelmeland kommune har behandla høyringssaka, og gjort følgjande vedtak:

«Hjelmeland kommune er i mot at det blir gitt konsesjon til regulering av Kaldavatnet og utbygging av Bøen III kraftverk.

Den samfunnsmessige nytta er knytt til produksjon av 4,1 GWh ny fornybar energi og verdiskaping knytt til utbygging og drift av kraftverket.

På den negative sida kjem dei negative konsekvensane for dei allmenne interessene, då særleg knytt til friluftsliv og naturverdiar.

Den omsøkte utbygging vil føra til tap av urørt natur og tap av viktige naturtypar. Kommunen meiner dessutan at influensområdet burde vore kartlagt etter NiN-metode som grunnlag for konsekvensvurdering for natur. Det bør setjast krav om slik kartlegging før NVE tek stilling til konsesjonsspørsmålet.

Området i Bønardalen og kring Kaldavatnet er eit viktig område for friluftsliv, og utbygginga med regulering av Kaldavatnet vil redusera opplevingsverdien og kunna vanskeleggjera ferdsel i området, då særleg i forhold til ferdsel på isen vinterstid.

I Hjelmeland kommune er så stor del av vassdragsnaturen påverka av vasskraftutbygging at ein av omsyn til sumverknad må vera svært varsom med å tillata nye utbyggingar som berører inngrepsfrie område, og område med viktige allmenne interesser. Hjelmeland kommune kan ikkje sjå at føreslått utbygging, gjennom avbøtande tiltak, kan skje på ein forsvarleg og forholdsmessig måte i høve tap av natur, og vesentlege negative konsekvensar for friluftslivs- og allmenne interesser.»

Sjå også den vedlagde møteboka i sak 071/24 for grunngjeving for vedtaket.

Med helsing
Plan og forvaltning

Torborg Kleppa
rådgjevar næring og landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur